

Gode påmelde korvener!



Velkomne til det vi håper skal verte ei fantastisk korhelg på Åheim 5. og 6. juni ☺

Alle detaljar rundt songarstemnet vårt er nok ikkje på plass i skrivande stund, men her kjem litt informasjon og nokre fleire ting vi gjerne vil ha svar på.

Først spørsmåla - som vi ønskjer svar på snarast til solvi.sather@online.no :

- Finst det medlemmar i ditt kor med matallergi – i så fall kva type allergi?
- Treng koret ditt mikrofon for solist eller instrument på kyrkjekonserten laurdag vil vi gjerne vite det ☺

Informasjon:

- Førebels program for dagen laurdag 5. juni:
 - Kl. 10.00 – stemnekontoret og korkafèen opnar i Olivinhallen, Åheim.
 - Kl. 15.30 - Kyrkjekonsert i Vanylven kyrkje, Sлагnes
 - Kl. 19.30 - Middag med songarfest i Olivinhallen
 - Kl. 22.00 - Dans
- Søndag 6. juni.
 - Kl. 09.00 – 10.00 - Frukost og korkafe i Olivinhallen
 - Kl. 10.00 - Stemnekontoret opnar
 - Kl. 12.00 – 13.30 - Middag i Olivinhallen
 - Kl. 14.00 - Songartog
 - Kl. 15.00 - Profankonsert i Olivinhallen

Øvingstider laurdag i Vanylven kyrkje, **NB: 10 min. pr. kor** :

- | | |
|----------------------|-------------------|
| • Mannskoret Frendar | kl. 13.00 – 13.10 |
| • Syvdeklang | kl. 13.10 - 13.20 |
| • Rovde Blandakor | kl. 13.20 – 13.30 |
| • Kor For Oss | kl. 13.30 – 13.40 |
| • Brattvågskoret | kl. 13.40 – 13.50 |
| • Velledalskoret | kl. 14.00 – 14.10 |
| • Skodje blandakor | kl. 14.10 – 14.20 |
| • Ørskogkoret | kl. 14.20 - 14.30 |

Det vert åpen kafe på Sлагnes forsamlingshus ved sida av kyrkja i øvingstida ☺

Øving i Olivinhallen søndag mellom kl. 09.00 og 12.00 etter avtale med stemnekontoret.

Songarhelsing frå Vanylven blandakor ☺ Vi gler oss til å sjå dykk her i juni!!!!